



DEN NORSKE KYRKJA

Stord kyrkjelege fellesråd

Til Kyrkjerådet.

"VEIVALG FOR FREMTIDIG KIRKEORDNING"

Høyringsvar frå Stord kyrkjelege fellesråd.

Stord kyrkjeleg fellesråd har to ulike synspunkt på kor arbeidsgjevaransvaret til vigsla -og ordinerte medarbeidarar skal liggja. Desse synspunkta vert gjort synlege i svara på spørsmål 9, 11, 14, 15, 16, 17, og 18.

Svaret på dei andre spørsmåla er samrøysta.

Stord kyrkjelege fellesråd (SKF) har lagt fylgjande overordna synspunkt til grunn for uttalen:

- Soknet som kyrkja si grunneining (jfr. Kyrkelova § 2) må styrkast.
- Kyrkjestrukturen må forenklast, rasjonaliserast og effektiviserast for betre ressursutnytting og styrking av lokal styring.
- Ein del av SKF meiner at arbeidsgjevaransvaret til vigsla -og ordinerte medarbeidarar skal ligga hos Biskopen. Den andre delen meiner det skal vera ei arbeidsgjevarlinje for alle tilsette.

1. Bør det gjøres endringer i fordelingen av oppgaver og myndighet mellom lokalt, regionalt og nasjonalt nivå? I så fall hvilke og hvorfor?


Svar: JA.

Då Stord kyrkjelege Fellesråd (SKF) uttalte seg i samband med refleksjonsnotatet i 2012 meinte me at ein burde utvida fellesrådsområda, til dømes tilsvarande dagens prostigrenser, og plassera arbeidsgjevaransvaret for alle tilsette på det nivået. Mange andre aktørar gav liknande innspel.

I mellomtida har regjeringa sett i gong ein omfattande prosess med ambisjonar om at dei aller fleste kommunane i landet skal slå seg saman med ein eller fleire nabokommunar og bli større og meir robuste. Dei nye kommunegrensene bør såleis utgjera dei nye fellesrådsgrensene, og arbeidsgjevaransvaret for alle tilsette bør liggja her.

Den lokale kyrkja er avhengig av eit godt og nært samarbeid med politisk styring i kommunen.

Me meiner dagens finansieringsmodell bidreg til at lokalpolitikarane kjenner ansvar og engasjement i forhold til kyrkjeøkonomien i sin kommune. Me trur også at dette i sum gjer at kyrkja får meir igjen i kroner



DEN NORSKE KYRKJA

Stord kyrkjelege fellesråd

og øre, men erfarer at dette krev mykje arbeid og god dialog. Dersom ein flyttar arbeidsgjevaransvaret opp på bispedømmenivå, slik fleirtalet i kyrkjerådet foreslår, vil dialogen bli svært krevjande og det er fare for at engasjementet vert svekka. Me er dessutan urolege for at det vil bli mindre pengar til kyrkja samla sett, og at politikarar vil krevja øyremerking av midlar, stadige evalueringar av kyrkjeøkonomi og administrasjon, og strengare kuttkrav enn ein opplever i dag.

Skal me lukkast med å vera ei landsdekkjande folkekyrkje også i framtida, må me ta vare på og hegna om det lokale engasjementet. Dess nærare soknet me plasserer makt og mynde, dess større trur me motivasjonen og innsatsviljen vil vera.

SKF sluttar seg til Kyrkjerådet sitt mindretals syn slik det kjem til uttrykk i B:

«Et mindretall i Kirkerådet mener at oppgaver og myndighetsfordeling mellom de ulike nivå bør justeres slik at den lokale kirke styrkes.»

2. Deler høringsinstansen Kirkerådets vurdering om at dagens finansieringsordning er den beste til å sikre en bred folkekirke?

Svar: JA

Me meiner at dagens ordning, der ein stor del av finansieringa kjem frå kommunane, er den modellen som gjev kyrkja mest tilbake i kroner og øre. Fordelen med eit kommunalt finansieringsansvar er at det er nærhet mellom dei som yt tilskot og dei som mottek det. Denne modellen bidreg til at lokalpolitikarane kjenner ansvar og eigarskap til lokalkyrkja si drift.

Dersom den offentlege finansieringa av kyrkja fell vekk, eller vert vesentleg redusert, vil folkekyrkja endra karakter og det er tvilsomt om ein vil kunna halda fram som ei landsdekkjande folkekyrkje.

Kyrkjerådet sin argumentasjon om ei kort rammelov kan imidlertid gjera det problematisk å oppretthalda Kyrkjelova § 15 og den økonomiske forpliktinga som lova gir kommunane. Me treng ei eiga kyrkjelov som forpliktar det offentlege eit økonomisk ansvar for Den norske kyrkja, jfr Grunnlova § 16.

3. Dersom dagens finansieringsordning for Den norske kirke faller bort, hvilken ordning vil høringsinstansen gå inn for?

Svar: Livssynsavgift kan vera eit alternativ, men vil vera ei mykje dårlegare ordning enn den me har i dag.

Me ser på alternative finansieringsordningar som lite ynskjelege.

Staten bør ta ansvar for ein del oppgåver som i dag er avhengig av kommunal finansiering. Særleg gjeld dette kyrkjebygg som har vernestatus og såleis er omfatta av kulturminnelova. Desse kyrkjebygga tilhøyrer den nasjonale kulturarva.



DEN NORSKE KYRKJA

Stord kyrkjelege fellesråd

4. Hvordan kan kirkestrukturen forenkles for at knappe ressurser kan bli rasjonelt utnyttet?

Svar: SKF er delt i synet på dette.

- A) Dersom det vert oppretta fellesråd parallelt med ein ny kommunestruktur vil ein kunna redusera dagens 430 fellesråd til ca. 150. Dersom arbeidsgjevaransvaret vert lagt til det nye fellesrådet vil ein i prinsippet kunna avgrensa det til tre nivå i kyrkja: Kyrkjemøte - Fellesråd - Sokneråd.

SKF meiner at med større kommunar så vil det ikkje vera behov for eit folkevalgt bispedømmeråd. Me ser føre oss eit bispestyre samansett av representantar utpeika av fellesråda.

Likevel meiner SKF det er ynskeleg å styrkja og tydeleggjera biskopen si rolle i ei framtidig, ny kyrkjeordning. Bispestyret ville då eventuelt kunna vera rådgjevande organ for biskopen med ansvar for strategisk arbeid i bispedømet, fordeling av statlege ressursar og tilsetjingsorgan for dei som ikkje har soknet som arbeidsstad.

Kyrkjemøtet - som i dag består av bispedømmeråda - bør uansett ha ein heilt annan og meir representativ samansetjing. Kyrkjemøtet må reflektera breidda i den lokalkyrkjelege strukturen og ikkje, som i dag, vera heilt frikopla frå soknet sine organ. Kvart fellesrådsområde bør ha rett til å senda eit visst antal representantar til kyrkjemøtet.

- B) Sidan me ynskjer delt arbeidsgjevaransvaret kan me ikkje sjå for oss noko anna enn at det fortsatt må vera fire nivå i kyrkja: Kyrkjemøte - Bispedømmeråd - Fellesråd - Sokneråd.

5. Har høringsinstansen synspunkter på kriteriene for soknestørrelse og sokneinndeling i en fremtidig kirkeordning?

Svar: NEI

6. Bør ordningen med to organer for soknet (menighetsråd og fellesråd) videreføres?

Svar: JA.

Refleksjonsprosessen viste at dei fleste råda i Norge meiner at ordninga me har i dag med to organ (sokneråd og fellesråd) er noko ein ynskjer å halda fram med. Med denne ordninga får dei valde sokneråda konsentrera seg om Kyrkelova § 9 der nærleik og lokaltilpassing er viktig. Andre oppgåver med krav om spesialkompetanse på ulike fagfelt som gravferdsforvaltning, kyrkjebyggforvaltning, personalarbeid, økonomiforvaltning mm kan overlatast til fellesrådet.



DEN NORSKE KYRKJA

Stord kyrkjelege fellesråd

7. Hvis ordningen videreføres: På hvilket nivå bør fellesorgan for flere sokn ligge (kommunenivå eller annet nivå, f.eks prostinivå eller bispedømmenivå)?

Svar: Etter at kommunereforma er gjennomført reknar me med at landet for det meste vil bestå av større kommunar. Då bør fellesorganet for fleire sokn ligga på kommunenivå.

8. Hvis ordningen videreføres: Bør det gjøres endringer i oppgavefordelingen mellom menighetsråd og fellesråd?

Svar: Ansvar for arbeidet med å byggja kyrkjelyd bør eintydig bli lagt til soknerådet. § 14 i Kyrkelova seier at fellesrådet skal utarbeida mål og planar for den kyrkjelege verksemda i kommunen og fremja samarbeid mellom sokneråda. I ei ny kyrkjeordning bør det presiserast kva som er meint med denne formuleringa.

Jfr. spørsmål 1: SKF meiner det er tenleg at fellesrådet ivaretek dei tyngre forvaltningsoppgåvene på vegne av soknet. At soknerådet skal ha kompetanse på alt frå arbeidsgjevarfunksjonksjon til bygg, - personal, - økonomi - og gravferdsforvaltning vil krevja ein svær administrasjon i kvart einskild sokn.

Soknerådet bør ha dei oppgåvene som i dag ligg i Kyrkelova § 9 samt få større påverknad når det gjeld strategisk utvikling og uttalerett vedk. tilsetjing av nye medarbeidarar i soknet.

9. Bør all virksomhet i soknet underlegges styrings- og ledelsesansvaret til soknets organer?

Svar: SKF er delt i synet på dette.

- A) Det er avgjerande at alle tenestegrupper har same arbeidsgjevar og leiing. Dette krev at dagleg leiar i soknet har god nok kompetanse innanfor kyrkjefag, leiing, økonomi og administrasjon. I tillegg må den som vert tilsett vera personleg eigna for ei slik oppgåve.
- B) Alle vigsla tilsette bør tilsetjast av Bispedømmerrådet. Alle andre bør vera tilsette i det som no er kyrkjeleg fellesråd.

10. Hvordan bør daglig ledelse for virksomheten i soknet organiseres?

Sokna bør vera store nok til at ein kan tilsetja eigen daglege leiar - eventuelt slå seg saman med andre sokn for å bli store nok. Dagleg leiar i soknet kan vera presten.

Den daglege leiinga i soknet handlar om administrativ og økonomisk leiing, arbeidsgjevaransvar, strategisk leiing, fagleg leiing og pastoral leiing. Presten skal ha eit pastoralt og åndeleg leiarskap. SKF kan ikkje sjå at teologisk kompetanse gir særlege fortrinn når det gjeld praktisering av økonomisk og administrativt leiarskap eller andre forvaltningsmessige oppgåver som naturleg vil vera dagleg leiar sitt ansvar.



DEN NORSKE KYRKJA

Stord kyrkjelege fellesråd

Presten må setjast fri til å utøva presteteneste og ikkje bli pålagt oppgåver som like gjerne kan utførast av andre. SKF meiner at å tilsetja presten som dagleg leiar vil vera dårleg bruk av den særlege kompetansen som presten har og respektlaust i møte med leiing som eit eige fag. Prestetenesta sitt sjølvstende må bli sikra m.a. gjennom tenesteordninga.

11. Hvilken rolle bør biskopen ha i en framtidig kirkeordning?

Svar: SKF er delt i synet på dette.

- A) SKF sluttar seg til mindretalet i Kyrkjerådet sitt svar i pkt B som seier at
«biskopens tilsynsfunksjon bør utvikles og tydeliggjøres både overfor prester og andre viglede medarbeidere, men biskopen bør ikke utøve arbeidsgiverfunksjoner overfor prestene».
- B) SKF sluttar seg til fleirtalet i kyrkjerådet sitt svar i pnkt A som meiner at:
"biskopens tilsynsfunksjon bør utvikles og tydeliggjøres overfor prester og andre viglede medarbeidere og biskopen bør lede prestetjenesten og utøve arbeidsgiverfunksjoner overfor prestene.

Biskopane må som gruppe og enkeltvis fremja einskapen i kyrkja. Samstundes ynskjer me oss biskopar som kan formulera visjonar og som kan styrkja og oppmuntra tilsette og kyrkjelydar. Biskopen må vera i dialog med samfunnet og bidra med relevante refleksjonar i møte med det offentlege. Det er viktig at biskopen lyfter fram visjonar og verdiar samt gir frimod og retning for kyrkja si verksemd.

12. Hvilke virkemidler bør biskopen ha for å kunne ivareta tilsynet på en god måte?

Svar: Biskopen må kunna gje råd og rettleiing, men også bindande pålegg vedrørende prestane og andre tilsette si teneste (jfr. Tenesteordning for biskopar som me har i dag).

Biskopen må vera den som ordinerer og vigslar til kyrkjeleg teneste. Tilsvarande må det vera ordningar for varig eller midlertidig oppheving av ordinasjonsfullmaktene og for tap av desse gjennom avskjed, oppseiing eller suspensjon.

Biskopen bør framleis utøva tilsyn gjennom visitasar.

13. Hvordan bør utpeking av biskoper skje i en framtidig kirkeordning?

Svar: Som i dag.



DEN NORSKE KYRKJA

Stord kyrkjelege fellesråd

14. Bør bispedømmerådet opprettholdes som rådsorgan på bispedømmenivå, og hva skal i så fall være bispedømmerådets rolle i kirkestrukturen?

Svar: SKF er delt i synet på dette.

- A) Etter vår meining er det ikkje nødvendig med bispedømmeråd som eit valgt, demokratisk organ. Jfr. svar spørsmål 4 A.
- B) Bispedømmerådet bør oppretthaldast som demokratisk valgt organ. Bispedømmet sine oppgåver må vurderast i lys av plassering av arbeidsgjevaransvaret. Jfr svar spørsmål 4 B

15. Hvilke oppgaver bør i så fall legges til bispedømmerådet?

Svar: SKF er delt i synet på dette.

- A) Ingen. SKF meiner at folkevalgt bispedømmeråd bør opphevast og erstattast av eit bispestyre med representantar frå fellesråda. Sjå ellers svaret me gav på spørsmål 4.
- b) Bispedømmet sine oppgåver må vurderast i lys av plassering av arbeidsgjevaransvaret. Jfr svar spørsmål 4 B

16. Bør alle ansatte ha den samme arbeidsgiver og hvilket organ bør dette i så fall være?

Svar: SKF er delt i synet på dette.

- A) Alle som har soknet som arbeidsplass må ha soknet som arbeidsgjevar. Jfr. svar på spørsmål 1. Denne felles arbeidsgjevaren må gjera gjeldande ein felles strategi, mål, planar og felles forplikting for alle tilsette.
- B) Nei.

17. I hvilken grad bør arbeidsgiverfunksjoner fordeles på de ulike organer? (Biskopen regnes i denne sammenheng som et organ)

Svar: SKF er delt i synet på dette.



DEN NORSKE KYRKJA

Stord kyrkjelege fellesråd

- A) Arbeidsgjevaransvaret må liggja i det nye fellesrådet som opptre på vegne av soknet som fortsatt må vera lovfesta som eige rettssubjekt.
- B) Biskopen bør ha arbeidsgjevaransvar for prestane og alle vigsla stillingar. Det nye fellesrådet for stillingar som ikkje er vigsla.

18. I hvilken grad bør det åpnes opp for lokale og regionale variasjoner i organiseringen av arbeidsgiveransvaret?

Svar: SKF har ikkje noko konkrete tankar å komma med her.

19. Hvordan bør man på best mulig måte ivareta særpreget til prestatjenesten og andre vigslede tjenester?

Svar: Særpreget vert teke vare på gjennom biskopen sitt tilsyn og generelle rolle. Det er viktig for alle vigsla stillingar at ein kan henta fagleg hjelp og støtte i eit kompetansesenter plassert på bispedømmekontoret eller nasjonalt. Tenesteordning o.l. vil vera med på å sikra fagleg sjølvstende og integritet.

Prosten har det avgjerande ordet i det pastorale leiarskapet i kyrkjelydane innanfor økonomiske rammer, vedtekne av fellesrådet.

Elles er det viktig å minna om at dei fleste tilsette i kyrkja ikkje er vigsla. Desse må òg takast vare på i ei ny kyrkjeordning.

20. Har høringsinstansen synspunkter på Kirkemøtets rolle i kirken?

Svar: Kyrkjemøtet kan ha den rollen dei har i dag men må setjast saman annleis enn noverande ordning. Jfr. svaret vårt på spørsmål 4.

Kyrkjemøtet er øvste representative mynde i kyrkja vår og bør vedta økonomiske ordningar (politisk funksjon) samt avgjera saker som har med lærespørsmål å gjera i tillegg til å fastsetja og fordela økonomiske midlar.

21. Har høringsinstansen synspunkter på hvordan Kirkemøtet skal settes sammen?

Svar: Kyrkjemøtet - som i dag består av bispedømmeråda - bør ha ein heilt annan og meir representativ samansetjing. Kyrkjemøtet må reflektera breidda i den lokalkyrkjelege strukturen og ikkje, som i dag, vera heilt frikopla frå soknet sine organ. Kvart fellesrådsområde bør ha rett til å senda eit visst antal representantar til kyrkjemøtet. Biskopane vil sølvsgt ha ein naturleg plass i kyrkjemøtet også i ei ny kyrkjeordning.



DEN NORSKE KYRKJA

Stord kyrkjelege fellesråd

22. Har høringsinstansen synspunkter på Bispemøtets oppgaver og rolle i kirkeordningen, herunder til Kirkemøtet og Kirkerådet?

Svar: Bispemøtet bør i større grad enn no vera sakshandsamar for kyrkjemøtet i lære -og liturgisaker.

23. Har høringsinstansen synspunkter på spørsmålet om ledelse av biskopene?

Svar: Organisatorisk bør biskopane vera leia av preses. Både biskop m/stab og preses m/stab bør tenestemessig vera tilsette av Kyrkjerådet. Biskopane må sjølv komma fram til felles kjørereglar for prosedyrespørsmål, regelverk mm., men teologisk sett må kvar biskop ha full fridom. Preses bør sitja i Oslo.

24. Har høringsinstansen synspunkter på Kirkerådets funksjon og sammensetning?

Svar: SKF meiner Kyrkjerådet må ha representantar frå alle bispedøma i tillegg til preses. Kyrkjerådet må stå ansvarleg overfor Kyrkjemøtet.

25. Bør ordningen med en egen lærenemnd videreføres, og hvilken funksjon skal en slik nemd i så fall ha?

Svar: Bispemøtet bør overta Lærenemnda sitt ansvarsområde. Lærenemnda har ikkje vore i funksjon sidan 2006. Dette syner at behovet for nemnda ikkje er særleg stort.

26. Har høringsinstansen synspunkt på hvordan ansvaret for samisk kirkeliv skal ivaretas i en framtidig kirkeordning?

Svar: Som i dag.



DEN NORSKE KYRKJA

Stord kyrkjelege fellesråd

27. Har høringsinstansen synspunkt på hvordan ungdomsdemokratiet og Ungdommens kirkemøte skal ivaretas i en fremtidig kirkeordning?

Svar: Ungdomsdemokratiet og ungdommane sin stemmerett på Kyrkjemøtet må heimlast innanfor eit nytt kyrkjeleg lovverk.

Arbeidet med å utvikla ungdomsdemokratiet må styrkjast gjennom at kvart bispedømme har sitt ungdomsråd, valde av representantar på Ungdomstinget. Dette er god rekruttering til kyrkjeleiing i framtida.

Stord 4. mai 2015

Stord kyrkjelege fellesråd

Nils Kåre Nysæter

Styreleiar

(sign)

Liv Kari Bru

Kyrkjeverje/dagleg leiar